

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
	Utval for plan og miljø		HHB
	Ungdomsrådet		HHB
	Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne		HHB
	Kommunestyret		HHB

Sakshandsamar: Helle Holte Bruland

Arkivsaknr 09/930

Eigengodkjenning - Detaljregulering for Grimeneset strand- og naustområde

Reguleringsendring, del av Gbnr 19/3 og 12

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Detaljregulering for Grimeneset strand- og naustområde, del av Gbnr. 19/3 og 12, vert med dette vedteke i kommunestyret. Vedtaket vert gjort med følgjande vilkår:

1. Ein framdriftsplan for tilbakeføring av området med ulovlege massar i sjø skal sendast kommunen innan 2 månader frå dette vedtaket.
2. Det skal i ein slik plan lokaliserast eit eigna område for mottak - før det vert gitt løyve til å flytte massane. Kommunen inviterer til dialog om ei løysing.

Vedtaket er heimla i PBL §12-12.

14.04.2016 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet vart gjort kjent i møtet. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd med fylgjande presisering: «.....vert med dette vedteke i kommunestyret.» vert erstatta med «...vert godkjent.» Slik:

Detaljregulering for Grimeneset strand- og naustområde, del av Gbnr. 19/3 og 12, vert godkjent. Vedtaket vert gjort med fylgjande vilkår:

1. Ein framdriftsplan for tilbakeføring av området med ulovlege massar i sjø skal sendast kommunen innan 2 månader frå dette vedtaket.
2. Det skal i ein slik plan lokaliserast eit eigna område for mottak - før det vert gitt løyve til å flytte massane. Kommunen inviterer til dialog om ei løysing.

Vedtaket er heimla i PBL §12-12.

UPM-014/16 VEDTAK:

Detaljregulering for Grimeneset strand- og naustområde, del av Gbnr. 19/3 og 12, vert godkjent. Vedtaket vert gjort med fylgjande vilkår:

1. Ein framdriftsplan for tilbakeføring av området med ulovlege massar i sjø skal sendast kommunen innan 2 månader frå dette vedtaket.
2. Det skal i ein slik plan lokaliserast eit eigna område for mottak - før det vert gitt løyve til å flytte massane. Kommunen inviterer til dialog om ei løysing.

Vedtaket er heimla i PBL §12-12.

11.04.2016 UNGDOMSRÅDET

Handsaming:

Ungdomsrådet tok samrøystes saka til orientering.

UNG-018/16 VEDTAK:

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

.....

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.03.2016	Planomtale, detaljregulering for Grimeneset strand-og naustområde, reguleringsendring del av Gnr. 19, bnr. 3 og 12, Plan-ID_1241200809, 29.02.2016.pdf	111144
02.03.2016	Føresegner og retningslinjer, detaljregulering for Grimeneset strand- og naustområde, reguleringsendring, Plan-ID_1241200809, 29.02.2016.pdf	111145
02.03.2016	Plankart - detaljregulering Grimeneset strand- og naustområde	111143
11.02.2016	Trekking av motsegn - Del av plan Grimeneset - Reguleringsplan	109669

Ikkje vedlegg: oversendingsmailar, korrespondanse, tidlegare vedtak og møtereferat

Faktiske opplysninger i historikk:

Planarbeidet starta i 18.11.2008 etter at det i august 2008 vart oppdaga at det var fylt ulovleg i sjø med store mengder tunellmassar. Dåverande nyleg vedtekne reguleringsplan for Grimeneset hadde godkjent eit område for fylling i sjø, men då i vesentleg mindre grad enn gjennomført.

Det vart i etterkant av denne utfyllinga søkt om endring av reguleringsplanen, med hensikt å få godkjent det ulovlege tiltaket. Ved varsel om oppstart planarbeid, kom det inn fleire merknader. Fylkesmannen rådde i frå å gjere ein reguleringsendring på dåverande tidspunkt, og oppmoda i staden kommunen om å følgje opp det ulovlege tiltaket med reaksjonar overfor tiltakshavar. Det vart gjennomført meklingsmøte 18.04.2011, og planarbeidet haldt fram.

Det har vore mange møter i saka. Den føreliggjande planen er no eit resultat av mekling mellom Fylkesmannen, kommune og grunneigar. Reguleringsplanen har vore på høyring og til offentleg ettersyn. Planen har ikkje lenger motsegn knytt til seg, jamfør brev frå Fylkesmannen datert 10.02.2016.

I brev datert 19.02.2016 opplyser kommunen konsulenten om at motsegn er trekt og saka er klar for endeleg handsaming. Kommunen ber om at namn og datoar på planframlegget vert oppdatert jamfør [startpakke for reguleringsplanar, revidert 10.02.2016](#). Nytt plannamn er derfor endra til: *Detaljregulering for Grimeneset strand- og naustområde, reguleringsendring*.

Dette er ei planendring av reguleringsplan for Grimeneset. Endringa er i all hovudsak knytt til justering av strandsone og molo etter ulovleg fylling med steinmassar i sjø.

Vedtak av denne detaljreguleringa godkjenner ikkje det ulovlege tiltaket.

Vurdering:

Reguleringsplanen som no vert lagt fram for kommunestyret er utarbeidd i tråd med kapittel 12 i plan og bygningslova.

Reguleringsplanen gjer høve til justering av det ulovlege tiltaket i planområdet. Tiltaket er søknadspliktig. Etter søknad skal området tilbakeførast slik at ein oppnår samsvar med ny reguleringsplan. Realisering av planen vert følgt opp overfor grunneigar, som ledd i oppfølging av ulovlege tiltak i kommunen.